

REGION NORDHORDLAND

PROTOKOLL MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Tirsdag 6. mars kl 0900 - 1200

Møterom Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Kvassnesvegen 23

Tilstades:

Ordførarane Jon Askeland, Per Lerøy, Kari Foseid Aakre, Astrid Aarhus Byrknes, Karstein Totland, Hallvard Oppedal, Varaordfører Lars Barstad

Rådmenn / Observatører

Leif Taule, Øistein Søvik, Ingvild Hjelmtveit, Øivind Olsnes, Martin Kulild, Odd Ivar Øvregaard, Svein Helge Hofslundsengen

Frå administrasjonen:

Elin Folgerø Styve og Kari Evensen Natland

Meldt fråfall:

Kristin Handeland, Nils Marton Aadland og Knut Moe

Ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Sak 14/12

Arealplan Bergensregionen og oppfølging av Kva No-møtet.

Asbjørn Algerøy og Vidar Totland frå BRB orienterte om arealplan for Bergensregionen. Regionrådet ønskjer i neste møte og ta opp igjen saka og drøfte korleis ein kan samkøyre arealplanane i kommunane. Dette vil vere eit viktig middel for å møte vekstkonkurransen frå regionane i Bergenregionen og Bergen. Rådet ønskjer også på neste møte å invitere Sveinung Toft til å presentere Knarvikplanen.

Sak 15/12

Val av varamedlemer til Nærings- og samferdselsutvalet og fondsstyret

Samrøystes vedtak:

Hallvard Oppedal og Karstein Totland var valt som varamedlem til Nærings- og samferdsleutvalet og til Fondsstyret.

Administrasjonen utarbeider ein samla oversikt over medlem og varamedlem i råd og utval.

Sak 16/12

Samhandlingsreforma – helsehus i Nordhordland, vidare prosess

Vedtak

Regionrådet Nordhordland sluttar seg til forslag til felles saksgrunnlag og gir administrasjonen i oppdrag å sende denne saka til kommunane for handsaming, med ei lita endring i pkt 1, sjå under:

På bakgrunn av innhald i dokumentet og tilråding frå Helseutvalet sluttar xxxxx kommune seg til ei vidareføring av utgreiingsarbeidet når det gjeld realisering av eit Helsehus i Nordhordland, og har som intensjon å inngå eit langvarig forpliktande samarbeid når det gjeld etablering og drift av eit helsehus.(kap.10.1)

Sak 17/12

Biosfære-samarbeidsavtale med UiB

Vedtak:

Regionrådet Nordhordland ønskjer å fortsetta arbeidet for etablering av biosfæreområde i Nordhordland, i tett samarbeid med Universitetet i Bergen. NUI vert beden om å slutføra avtalen med UiB etter innspel frå Regionrådet, og i samarbeid med den etablerte arbeidsgruppa for biosfæreprosjektet. Det må utviklast ein finansieringsplan som vert lagt til grunn før endeleg vedtak i saka vert fatta.

Sak 18/12

Kommunestrukturprosessen – søknad til Fylkesmannen

Vedtak:

Regionrådet sluttar seg til søknaden om midlar til utgreiing om framtidig kommunestruktur/samarbeid i Nordhordland. Regionrådet ber om at dei siste detaljane kring presiseringar i søknaden vert avklara med styret før den vert sendt til Fylkesmannen.

Sak 19/12

Kulturutvalet: Orientering om tiltak, drøfting og forankring

Vedtak:

Saka vart utsett.

Sak 20/12

Nordhordlandstinget 27. mars og Arena Nordhordland 30. mai

Elin Styve orienterte kort under lunsjen. Styret tok dette til orientering.

Sak 21/12

Meldingar og eventuelt

Søsterbyavtalen mellom Nordhordland og Fergus Falls

Det er ulike meiningar kring innhaldet og aktivitetane i Søsterbyavtalen mellom Nordhordland og Fergus Falls. Regionrådet ber kulturutvalet sjå på saka og finne ei løysing for korleis denne avtalen og samarbeidet med Fergus Falls skal sjå ut i framtida.

Dato for neste møte

Torsdag 12. april kl. 10.00 – 13.00

Saker ein ønskjer å ta opp:

- Trafikksikring
- Samarbeid med Bergensalliansen
- NTP

6. mars 2012

Jon Askeland
Leiar

Kari Evensen Natland
Referent